

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLÅD FOR ØSTERØY



NR. 4 HAUST 2010
35. ÅRGANG

THOMAS VAR IKKJE I LAG MED DEI ANDRE LÆRESVEINANE
DÅ JESÙS KOM.

"VI HAR SETT HERREN!" SA DEI TIL HAN.
MEN HAN SVARA:

"DET TRUR EG IKKJE FØR EG FÅR SJÅ NAGLEMERKET I HENDENE HANS
OG LEGGJA FINGEREN I DET OG STIKKA HANDA I SIDA HANS."

- JOHANNES 20, 24 - 25

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkleleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Kari Hauge
Hosanger: Lillian M. Kleppe
Hamre: Olaug Hartveit
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjemehing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Johannes Melve
Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



For 400 år sidan gjekk målaren som har laga framsidebiletet, Caravaggio, bort berre 38 år gammal. Jubileet vert markert kringom med å fokusera på dei om lag 80 biletene han att etter kunstnaren. Fleire av dei mest kjende kunstverka hans heng i Roma, der han arbeidde fram til 1606 då han måtte stikka av grunna drapsskuldingar.

Mannen som fekk fram så mange intense stemningar og kjensler i biletene sine, var privat ein bråkmakar og kranglefant. I kunsten var han nyskapande, og den katolske kyrkja nyttar han i sitt mot-reformatoriske arbeide. Han vart ein stilistisk brubyggjar frå renessansen mot barokken. Vi ser også på vårt biletet korleis han nyttar ei lyskjelde utanfor biletet til å lysa noko opp, som får fokus, og leggja andre ting i skugge. Rørsler, presise realistiske detaljar, gjerne litt groteske, er typiske trekk i biletene hans.

Dette lyskastar-prinsippet var noko nytt som barokken sine kunstnarar i ettertid kom til å nyta seg mykje av.

Motivet er tvilaren Thomas som må kjenna etter med fingeren i sårmerket for å kunna tru at det verkeleg er den oppstandne Jesus han har framføre seg. Bibelreferansen til biletet finn ein hjå Johannes i det 20. kapittelet. Ut frå motiv-vinklinga i mange av biletene sine kan det sjå ut som at Caravaggio hadde sympati for tvilarar og outsiderar, og han nyttar alltid vanlege arbeidsfolk som modellar. Han kjende seg nok ofte litt utanfor det gode selskapet sjølv også.

Måleriet som viser tvilaren Thomas er laga i Roma-perioden frå 1601 til 1602, medan Caravaggio var både ein tiljubla og anerkjend kunstnar. Seinare vart han på mange måtar ein gløymd målar, før ein henta han fram att utover på 1900-talet. I dag heng dette biletet i Potsdam, Tyskland.

Sjølv om den katolske kyrkja var nøgd med å ha ein så flink målar i si teneste, var dei ikkje alltid like nødde med motiv-vinklinga hans. Då han måla skit under ei tånegl på ein lærersvein, fekk han kjeft. Det fekk vel vera grenser for realisme.

- Kristoffer Foldøy

TOMAS, HAN SOM TRUDDE

Andakt ved Inge Sørheim

Trua sat langt inne hos lærersveinen Tomas. Han ville ganske enkelt ikkje tru på at dei andre lærersveinane hadde møtt den oppstadne Jesus. Han trudde ikkje at Jesus snakka til dei eller anda på dei, sjølv om det nett hadde skjedd.

Tomas hadde truleg vore vitne til at Meisteren døydde og vart gravlagt. Han visste at grava var tom. Men Tomas fekk seg ikkje til å tru at Jesus stått opp att og hadde sigra over døden. Slik fekk Tomas tilnamnet Tvilaren.

Ikkje før Jesus sjølv lot han stikke handa i sida hans, åtte dagar etter at dei andre lærersveinane hadde fått møte Jesus, greidde Tomas å fatte det. «Min Herre og min Gud!» sa Tomas då. Sidan den gang har han også hatt tilnavnet ”truaren”, han som trudde. Så kort veg kan det vere mellom tru og tivil at eit menneske kan ha begge desse karakteristikkane som kallenavn. Tidlegare hadde Tomas spurt Jesus kva veg dei skulle gå for å følgje han. Jesus svara at Han var vegen, sanninga og livet. Då Tomas til slutt fekk ta på Jesu sår, må han ha forstått kvar Vegen var. Vegen går vi på i tru på Jesus Kristus, som hans etterfølgjarar. «Sæle dei som ikkje ser, og endå trur,» svara Jesus. Også for oss kan vegen frå tivil til tru vere kort. Men eg trur Jesus vil møte tivil med forståing. Han har mange gonger møtt menneske som har problem med å tru.

Og han vil gjerne vere med og gje oss tryggleik på vår eiga tru.


Jesper Krogdal skreiv i 1946 ei salme som eit vitnesbyrd om det å følgja Jesus, og han set fint ord på tru og tivil, og det å følgja Jesus:

*Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera,
og leva i di frie nådepakt!
Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera,
men bare kvila i det du har sagt.*

*Eg bed deg: Lei du meg igjennom verda,
eg er så veik og er i framandt land!
Det mange var som gjekk seg vill på ferda
og sleppte taket i di frelsarhand.*

*Men visst eg veit: Du maktar fast meg halda,
det har du lova i ditt eige ord.
Du visste alt om meg før du meg kalla,
og gav meg plass ved nådens rike bord.*

*Lat meg få sjå på deg når synda därar,
lat meg som barn ditt faderauga sjå!
Då veit eg visst at gjennom tivil og fårar
eg ved din nåde skal til himlen nå.*



Måleri av Peter Paul Rubens, ca 1620.

KYRKJEVANDRING PÅ GAMLE STIAR FRÅ LOFTÅS TIL GJERSTAD



Kyrkjevandring **Sundag 13. juni**

**På gamle stiar til Gjerstad
Gudsteneste kl 17.00**

Start: Loftås kl 13.00

Skytjebakken/Hauge, ca kl 14.00
Vevle, (v/Leiv Vevle) kl 15.00

Til Gjerstad kyrkje, ca 16.30

- Kom og ver med på heile turen eller delar av han.
- Orientering undervegs om kyrkjevegen frå ca. 1850
- Ta med god niste og greie tursko
- Etter vegen Hauge – Vevle nyttar me bil
- Sjå nærare info i Bygdanytt veke 23

Tilskipar: Osterøy Fråhaldslag

Sundag 13. juni arrangerte Osterøy Fråhaldslag ei kyrkjevandring som starta på Loftås kl. 13. Vandringa følgde den gamle kyrkjevegen frå Loftås og enda opp på Gjerstad med gudsteneste der kl. 17.00.

Tekst & foto: Hild Breivik

På første etappen som gjekk frå Loftås til Skytjebakken på Hauge, var Agnar Vevle vegvisar. Han hadde gjort godt arbeid på førehand med rydding og merking. På visse stader stoppa me opp og Agnar fortalte kva som var spesielt nettopp der. Blant anna peika han på ”kyrkjelet” der innmarka på Loftås tok slutt. Geir Kleiveland frå Osterøy Sogelag fortalte om eit husmannsplass ”Hodlebrautet” som ein gong låg rett under byggjefeltet som i dag blir kalla Langerinden. Me kom óg forbi eit kvernhus og den gamle badeplassen ”Sauhølen” der borna frå Hauge lærde symjekunsten før i tida.

På Skytjebakken vart det ein førebels stopp i vandringa. Veret hadde blitt betre med små solglint, og regnet heldt seg unna. Nokre henta bilane sine på Loftås og no vart det ein times pause til neste økt.

Neste vandring starta på Vevle. No var det kome fleire til, og nærmere førti menneske var med. Turleiar på denne etappen var Rune Revheim. Han hadde mykje å fortelja og hans kraftige røyst nådde fram til alle som ville høyrta. Han fortalte om likberinga i gamle dagar. Det var slik då at kvar gard måtte sjølv bera den døde langs ruta fram til kyrkja. Dei hadde ymse kvilestader undervegs der dei enten bytte mannskap eller skifte hand.

Ein stad mellom Vevle og Revheim heiter Kvithaugen. Der sette dei kista ned og la eit kvitt klede over den døde. Kvinnene fekk kledet over ansiktet, mennene over fotenden. Han sa óg at når dei kom fram til kyrkja måtte beraane sjølve spa opp grava og jordfesta liket. Presten var ikkje der då.

Difor sette dei ein pinne i grava slik at presten seinare kunne foreta jordfestingsritualet ved å hella jord i opningen når pinnen vart teken opp. Ei slik gravferd kan me sjå på Erik Werenskiold sitt maleri "En bondebegravelse" frå 1885.

Siste etappe på ruta vår gjekk frå Revheim over Mösåsen og fram til kyrkja. Rune fortalte mykje frå denne staden.

Stadnamnet Mösåsen kan koma av at det her vart halde messe i gamal tid. I alle høve ligg Mösåsen høgt og fritt i landskapet og lett å koma til frå gardane på begge sider av åsen.

Etter turen var det gudsteneste i Gjerstad kyrkje. Mykje folk var samla, og denne gongen var det siste gudstenesta til sokneprest Johannes Melve.

Takk til dei som tok oss med gjennom fager norsk natur denne junidagen i 2010.



FORNYING AV KYRKJETEKSTILAR I HAUS KYRKJA

Haus sokneråd arbeider med å få komplett sett med kyrkjekstilar i alle dei 4 liturgiske fargane. Dei siste åra har det blitt kjøpt inn både grøne og kvite tekstilar, men vi manglar både lilla og raud messehakel. Lillafargen er den som blir mest brukt, både i adventstida, fastetida og i gravferder.

Den messehakelen som i dag blir brukt av presten i desse periodane er svært gammal og har ein heilt annan farge (burgunder). Den raude messehakelen er og svært sliten og vi har heller ikkje raude tekstilar til prekestol og lesepult. Vi ser på det som viktig å få tekstilar som er i samsvar med dei liturgiske fargane for kyrkjeåret og at dei skal vera både fine og tidsmessige i forhold til både farge og bruk. Det er av stor betydning både for kyrkjelyd og prest.

Vi har oppretta ein gavekonto som vi håpar mange vil vera med å gje på. Til no er det gitt ei gave på kr. 10000.-

Vi er utruleg takksame for gåver som har vore gitt til kyrkja vår, både minnegåva som blei gitt til kyrkja som både har gjort at vi har fått nye vindauge, fått malt ein del innvendig og kjøpt inn dei kvite tekstilane. Vi har og fått minnegåva som har gjort at vi har kunna kjøpt inn teleslynga i kyrkjelydshuset og gåvene som blei gitt til opprustning av den gamle kyrkjebrua. Det viser at kyrkja betyr mykje for folket i Haus og vitnar om stor gjevarglede.


Vi håpar at det er mange og som har lyst å vera med å gje ei gave til dette formålet. Vi treng i første rekke kr 45000.- for å kjøpa lilla messehakel. Det skal ikkje så mange gjevarar til før vi kjem opp i den summen. Får vi meir midlar, vil vi og kunna fornya dei raude.

Kontonummer: 3632 56 56918

Mrk: Kyrkjekstilar

På vegne av Haus sokneråd

Madli K Hannisdal



Her ser vi Melve i den grøne drakta.

STØRST AV ALT – INNHALDET I TRUSOPPLÆRINGA

Etter at kristendomsfaget slik vi kjende det frå tidlegare vart teke ut av den offentlege grunnskulen sine læreplanar, har ein innafor kyrkjelege kretsar arbeidd med å forma ut eit alternativ.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Sjølv om kristendom framleis tek ein stor plass i faget religion, livssyn og etikk (RLE), er det slik at direkte trusutøving er borte frå planane. Namnet på faget signaliserer også dette, for første gong sidan grunnskulen blei oppretta i landet vårt er ordet ”kristendom” ikkje med i fag-tittelen. Målet med faget er at ein på objektivt vis skal informera om kristendommen til liks med andre religionar, og for den del også andre livsfilosofiar. Rett nok er det presisert i planane at kristendommen har ei særstilling i landet vårt sidan vi har levd med denne trua i tusen år, og samfunn og styringsverk har vorte gjennomsyra av dette livssynet.

Kyrkja har no fått ei stor utfordring i fanget, trusopplæringa må kristensamfunna sjølve taka seg av i framtida. Det er lett å sjå føre seg at dette kan koma til å arta seg på forskjellig vis, alt etter kvalifikasjon og ståstad til den eller dei som tek på seg slike oppgåver. Søndagsskulen har vore nemnd som ein formidlingsstad, og søndagsskulen har jo ein lang tradisjon å byggja på i så måte. Men for å møta denne utfordinga på ein profesjonell måte, om ein kan seia det slik, har Den Norske Kyrkja utarbeidd noko dei kallar ”Størst av alt”- innhaldet i trusopplæringa slik ho bør vera i kyrkja vår.

Planen er stor og omfattande. Umiddelbart får ein assosiasjonar til læreplanar i skulen når ein blar seg gjennom sidene.

Dette er eit grundig arbeid. Planen ønskjer å visa at innhaldet i trusopplæringa byggjer på tre element: Kristen tru og tradisjon, kristen tru i praksis og livstolkning og livsmeistring.

Ut frå dette er det sett opp nokre sentrale dimensjonar:

- *Samvirke med heimen og familien*
- *Medverknad frå barn og unge*
- *Inkludering og tilretteleggjring*
- *Gudsteneste*
- *Diakoni*
- *Misjon*
- *Musikk og kultur*
- *Friviljug medarbeidarskap*
- *Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar*
- *Tverrfagleg samarbeid*
- *Kommunikasjonsarbeid.*

Formålet med trusopplæringa har kyrkja definert slik:

- *Skal vekkje og styrke kristentrua*
- *Skal gje kjennskap til den tre-einige Gud*
- *Skal bidra til kristen livstolkning og livsmeistring*
- *Skal utfordra til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv.*

Og ramma er sett for alle døypte i alderen 0 – 18 år, uavhengig av funksjonsevne.

På dei neste sidene finn du spesifisert innhaldet i dei tre elementa som opplæringa byggjer på.

Heile planen finn du på www.størstavalt.no



BABYSONG
vert gjennomført også i haust.

Det er allereie mange påmeldte.
Interesserte kan ta kontakt med
Helga A. Mjelstad på
tlf. 480 95 658

Innhaldet i trusopplæringa

Oversynet viser målsetjingar for quart aspekt og obligatoriske hovudtema i ei systematisk trusopplæring. Hovudtema står med feit skrift og har ei kort forklaring. Nokre hovudtema har også forslag til konkrete undertema. Sjå eige oversyn over kjernetekstar frå Bibelen i vedlegg 2.

LIVSTOLKING OG LIVSMEISTRING

Trusopplæringa skal fremje opplevinga av eigenverd og leggje til rette for at barn og unge kan sjå seg sjølv og tolke tilværet sitt som skapt, elskaa og halde oppe ved Guds kjærleik.

Livs- og trushistorie

Barn og unge skal arbeide med å finne eit språk for si eiga livs- og trushistorie i lys av trua på den treeinige Gud som dei er døypte til. Dette kan vere tema og erfaringar frå familie, oppvekst, skule og kyrkje.

Personleg vekst

Trusopplæringa skal stimulere allmenndanning, personleg og åndeleg vekst og ansvarleg livsførsel – og utfordre til etisk refleksjon og handling. Trusopplæringa skal vere ein arena for samtale for barn og unge.

Dei store spørsmåla

Barn og unge skal få høve til å reflektere og undre seg over dei store spørsmåla i livet i lys av den kristne trua. Dette kan vere spørsmål som:

- Kvar kjem eg frå?
- Kven er eg?
- Kva er meiningsa med livet?
- Kven vil eg vere/bli?
- Kvar skal eg?
- Kva er sant og viktig?
- Det vondes problem
- Forholdet mellom tru og vitskap
- Forholdet mellom kristen tru og ulike religionar og livssyn

TRU OG TRADISJON I KYRKJA

Gjennom trusopplæringa skal barn og unge lære å kjenne den treeinige Gud gjennom Bibelen som Guds ord, truedkjenningsa, sakramenta og andre sentrale uttrykk for kyrkja si tru. Barn og unge skal bli kjende med dei kristne høgtidene og kyrkja dei høyrer til.

Den første trusartikkelen

Barn og unge skal arbeide med kva det vil seie at Gud har skapt mennesket, himmelen og jorda.

- Gud skaper mennesket, jorda og universet
- Det vondes problem
- Guds omsorg for den skapte verda
- Menneskeverd og menneskesyn
- Forvaltaransvar
- Glede og takksemd over skaparverket

Den andre trusartikkelen

Barn og unge skal bli kjende med Jesus som venn, frelsar og Herre.

- Jesus er sann Gud og sant menneske
- Jesus openberra Guds gode vilje
- Jesus møter og elskar menneske
- Forsoning og frelse
- Jesu død, oppstode og himmelferd
- Jesus ved høgre handa åt Gud og hos det enkelte mennesket
- Jesus kjem att og held oppgjer

Den tredje trusartikkelen

Barn og unge skal bli kjende med korleis Den heilage ande leier inn i kyrkja og frelsa, og fram mot oppstode og evig liv.

- Misjonen, den verdsvide kyrkja og den lokale kyrkjelyden
- Kyrkja som Jesu lekam, og det allmenne prestedømmet
- Andens frukt og Andens gaver
- Synd og omvending, vedkjenning og tilgiving
- Håpet om oppstode og evig liv

Sakramenta

Barn og unge skal lære om dåpen og nattverden som nådemiddel og grunnlag for trua.

- Død og oppstode med Kristus
- Krossmerket i dåpen og i kvardagen
- Nattverden og forlating for syndene
- Den nye pakta mellom Gud og menneske

KRISTEN TRU I PRAKSIS

Gjennom trusopplæringa skal barn og unge arbeide med kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin. Dei skal lære å be, lese Bibelen, feire gudsteneste og vise nestekjærleik i praktisk solidaritet. Barn og unge skal få uttrykkje seg sjølv, trua og skaparevna si.

Bønn

Barn og unge skal få erfaring med bønner og ritual der kristen tru blir uttrykt. Gjennom trusopplæringa skal dei sjølv lære å be.

Gudstenestefeiing

Barn og unge skal ta del i gudstenesta og fellesskapet i kyrkjelyden gjennom dåp, bønn, song, tilbeding, vedkjenning, nattverd og bruk av Guds ord

Bibellesing

Barn og unge skal lære å kjenne og bruke Bibelen til hjelp, trøyst, rettleiing og inspirasjon.

Song, musikk og kultur

Barn og unge skal få høve til å uttrykkje seg sjølv, uttrykkje tru, tivil, tilbeding, glede og klage gjennom salmar, lovesong, musikk og andre kulturuttrykk. Dei skal lære sentrale salmar knytte til høgtidene.

Diakoni

Barn og unge skal delta i den diakonale verksemnda til kyrkja uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Dei skal få oppleve omsorg og gjestmildskap.

Sentrale dimensjonar ved menneskelivet

Barn og unge skal i lys av den kristne trua arbeide med sentrale dimensjonar ved menneskelivet, til dømes

- Kropp, sjølvbilete og identitet
- Vennskap og relasjonar
- Sjølvstende og tilhørsle
- Kjærleik, seksualitet og samliv
- Fysisk og psykisk helse
- Kjensler og grenser
- Sorg og tap
- Død og håp
- Godt og vondt

- Rett og rangt
- Synd og skam
- Tilgiving og forsoning
- Tru og tvil
- Utdanning og yrkesval
- Ressursforvaltning og forbruk
- Likestilling og rettferd

Fadervår og bønn

Barn og unge skal lære Fadervår og kjenne andre uttrykk for bønn, tilbeding og klage, til dømes bordbønn, kveldsbønn, personleg, fri bønn, bibelske bønner og liturgiske bønner.

Bibelen

Barn og unge skal få kunnskap om korleis Bibelen er bygd opp og vart til, og om frelseshistoria. Det skal leggjast ekstra vekt på evangelia og forteljinga om Jesu liv, død og oppstode. Tekstar som er knytte til dei tre trusartiklane og dei kristne høgtidene, er sentrale.

- Skaping, syndfall og frelseshistorie
- Nokre personar og hendingar i Det gamle testamentet, t.d. Abraham, Sara, Hagar, Josef, Moses, Rut, Ester, David, Jona, Daniel, utferda frå Egypt
- Utval frå Salmane – takk og tillit, klage – og lovsong, bønner

- Utval frå profet- og visdomslitteraturen med vekt på Messias-profetiane og krav om sosial rettferd
- Job og lidingsproblemet
- Forteljingar frå Jesu liv, død og oppstode
- Jesu likningar og undervisninga hans om Guds rike
- Undera til Jesus
- Frå Apostelgjerningane om urkyrja og den første misjonen
- Utval frå brevlitteraturen med vekt på forsoning, rettferdigjering ved tru og det nye livet i Kristus
- Endetida med oppgjøret og ein ny himmel og ei ny jord

Høgtider og merkedagar i kyrkjeåret

Barn og unge skal bli kjende med dei kyrkjelege høgtidene, bakgrunnen for dei, og innhaldet.

- Søndag, advent, jul, fastetida, påske, Kristi himmelfartsdag og pinse
- Andre tema- og merkedagar

Kyrkja

Barn og unge skal få kunnskap om og kjennskap til kyrkja dei hører til, inkludert eit kritisk perspektiv på tradisjonen og historia til kyrkja.

- Det verdsvidde kyrkjefellesskapet og oppdraget til kyrkja
- Utvalde epokar og personar frå kyrkjhistoria, t.d. reformasjonen, Martin Luther, Hans Nielsen Hauge, Lars Levi Læstadius og framvekst av frivillige organisasjoner
- Særtrekk ved samisk kyrkjeliv
- Gudsteneste og ritual
- Arkitektur og symbol i kyrkja
- Kyrkjekunst, kyrkjekultur, kyrkjemusikk
- Omsorgstenesta
- Oppbygging og demokrati
- Kyrkjebygg, kyrkjegardar og kyrkjelege tradisjonar

Misjon og økumenikk

Barn og unge skal få høve til å ta del i den oppgåva kyrkja har fått, ved å sjå og erfare at den kyrkja dei sjølve er ein del av, er eit globalt fellesskap med eit verdsvidt oppdrag.

Etikk

Barn og unge skal kunne det doble kjærleiks-bodet, dei ti boda, den gylne regelen og andre uttrykk for kristne verdiar. Dei skal arbeide med desse verdiane i relasjon til kvardagen sin. Dei skal arbeide med etiske spørsmål i lys av kristen tru og fridom. Dette kan vere spørsmål rundt forbruk, fordeling, samliv og respekt for livet.

Tilgiving

Barn og unge skal arbeide med tilgiving – å ha behov for tilgiving, å be om tilgiving, å vere tilgitt, å tilgi. Ungdom skal få høve til å gå til samtale, sjèlesorg og skrifte.

Faste og forsaking

Barn og unge skal få impulsar til å leve berekraftig og sjå sine eigne behov i lys det som er best for fellesskapet.

- Barn og unge skal få høve til å delta i lokale pilegrimsvandringer og gjennom det kunne oppleve fellesskap og undring

Medarbeidarskap

Barn og unge skal få praktisere trua si gjennom aktiv deltaking, ansvar og medarbeidarskap i kyrkje og samfunn.



AVSKIL MED SOKNEPREST JOHANNES MELVE

HAUS KYRKJE 20.06.10



Ein særdeles vakker solskinnssdag var ramma rundt avskils-gudstenesta til Johannes Melve. Hauskyrkja var fullsett og gudstenesta opna med salmen "Herre Gud ditt dyre namn og ære". Tonefylge var ved Haus musikklag. Salmane som elles vart nyitta var kjære og kjende. Til dåpen song me "Milde Jesus". Første og andre tekstlesinga las Madli Hannisdal frå Jes. 65, 1-2 og Pet. 5, 5-11. Salmane rundt lesinga var "Navnet Jesus" og "Hellig Ånd".

Tekst & foto: Hild Breivik

Preiketeksten var henta frå Luk. 15, 11-32 og handla om "Den bortkomne sonen". Presten vinkla det heller til den heimkomne sonen. Det var ei fin avskilspreike over eit velkjent tema. "Gud vil gi oss fridom til å dra bort, men han tek imot alle som vender tilbake". Noko anna som Melve tok fram i preika si var at bruva over til prestegarden er blitt sett i stand. Men ei anna bru som er viktigare, er himmelbruva, den inviterer Gud oss til å gå over.

Etter preika helsa prost Geir Sørebø som utsending frå biskopen. Den 24. august 1997 vart Johannes Melve innsett i Haus kyrkje. Eit takkebrev frå biskopen vart overlevert. Sokneprest Inge Sørheim leia forbøna. Osterøy kyrkjekor song "Offer-toriesalme" under ofringa som gjekk til Menighetsfakultetet. Under nattverden song kyrkjekoret "Då Herren vende Sions lagnad". Postludiet var den mektige Beethovens "Lovsang" der kantor Kåre Rivenes spela orgel og Kjell Hannisdal trumpet.

Etter gudstenesta vart alle innbedne til avskilsfest i kyrkjelydshuset. Madli Hannisdal ynskte velkommen og leia festen. Tre langbord var fulle, og over hundre menneske var samla i den fint pynta salen. Etter bordverset vart det servert betasuppe. Seinare kom kaker og kaffi på bordet.

Prosten var den første som helsa og kom med mange gode ord til presten og eit gavekort. Nokre stikkord var: positiv mann, velvillig, grei å snakka med, godt humør, det rette språket og sentralt plassert teologisk.

10.

Det blir for mykje å referera alt som kom fram i takketalane.

Dei som tok ordet var desse:

ordførar Kari Aakre som overrekte blomar og eit rosemåla fat frå kommunen. Kyrkjeverje Helge Kolstad helsa frå Osterøy kyrkjelag fellesråd og gav ein boksjekk. Inge Sørheim vektla kor venleg, snill og omsorgsfull Melve har vore. På vegne av staben ved kyrkjekontoret overrekte Helge Kolstad eit innramma bilet av kyrkjearådet.

Inn i mellom helsingane var det fleire kulturinnslag. Ei jente-gruppe song "Ein fin liten blome" o.a. Brage Hatløy spela slåttar og religiøse folketonar på hardingfele. Linda Rea Herland spela "La Melancholie" av Ole Bull på fiolin med akkompagnement på piano av Liv Skoglund. Kjell Hannisdal spela religiøse folketonar og ein jazzlåt.

Andre som kom med helsingar til presteparet var Svein Hatløy frå Osterøy mållag og Olav Meltvik. Frå sokneråda helsa Norvald Vedå frå Hamre og Kari Hauge frå Gjerstad. Gerd Karin Njåstad helsa frå dåpsskulen i Gjerstad. Frå Haus helsa Maria Hundhammar, Marit Skjeldal, Kjell Bjørsvik og soknerådsleiar Madli Hannisdal. Gåva frå Haus var ei kipe, dei andre sokneråda gav ei keramikkskål og eit trefat.

Inge Sørheim takka på vegne av det eksklusive laget "Osterøy kristelege preste- og familielag", som omfatta dei to prestefamiliane.

Heile familien Melve var til stades på avskilsfesten. Barnebarnet Ruth helsa frå dei yngste. Borghild Melve takka for åra på Osterøy og den fine dagen i lag med kyrkjelydane. Den siste på den lange talarlista var presten sjølv. Han omtalte seg som ein vestlending utan krusdullar.

Til avslutning song kyrkjekoret under leiing av Liv Skoglund.

Kyrkjehelsing og Osterøyfolket vil ynskja Borghild og Johannes Melve lukke til som pensjonistar på Voss og samstundes ynskja dei tilbake på besøk når det høver.

KYRKJELYDSHUS-BASAR I HAUS

23. OKTOBER KL 16.00

Kyrkjelydshuset i Haus er oppført ved hjelp av dugnad og innsamla midlar, utan offentleg stønad. For å driva huset, er vi avhengige av gåver, dognadsarbeid, utleigeinntekter og ikkje minst den årlege basaren som i fjor gav oss godt over 60 000 i inntekt!

Huset er ope for ulike kyrkjeloge og andre kristne tilstellingar for heile Osterøy, og blir leiga ut til minnemøte, konfirmasjonar, barnedåpselskap med meir.

I år blir basaren på Kyrkjelydshuset
laurdag 23. oktober kl 1600.

Talar i år blir **Agnar Mostrøm**. Det blir fire åretrekningar med mange flotte gevinstar og ei spennande ekstra barnetrekning.

For kr 25 kan folk ta til seg av kaker og kaffi/te/saft det dei ynskjer.

På basaren vil vi også føreta trekning av ca 20 fine gevinstar på basarbøkene som vil vera i sal også før basaren. Gevinstverdien varierer frå nokre hundre kroner til ca 2 500 kr.

Husstyret, som står for basaren, er svært takksame for den solide oppslutninga om denne basaren, frå bygdefolk og andre. Dersom folk vil gje gevinstar til basaren, eventuelt pengar som vi kan kjøpa gevinstar for, så ring i så fall til Kristine Aasheim, tlf 56 39 00 82 eller Mona L. Mostrøm, tlf 56 39 05 68 (mobil 99223148) Dei er begge med i husstyret, saman med Nils Lygre, Kjell Bjørsvik, Ståle Daltveit og Fred Ove Vatle.

Vel møtt til born og vaksne den 23 oktober.

*Med venleg helsing
Kjell Bjørsvik*





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

SEPTEMBER

15. s. e. pinse, 5. september 2010: Joh 5,1-15 Sal 103,1-6; Ef 5,15-20

Osterøyhallen kl. 11: Jesusfestival.

Haus kl. 19: Presentasjon av konfirmantane.

Takkoffer til Institutt for sjælesorg.

16. s. e. pinse, 12. september 2010: Luk 10,38-42 5 Mos 4,29-31; Fil 4,10-13

Bruvik kl. 11: Gudsteneste. Monsen. Utdeling av bok til 4-åringane. Takkoffer til IKO.

Gjerstad kl. 17: Familiegudsteneste. Monsen.

Utdeling av bok til 4-åringane.

Takkoffer til Osterøy sundagsskule.

17. s. e. pinse, 19. september 2010: Luk 7,11-17 Job 19,25-27; Rom 8,18-23

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Deltaking av 50-årskonfirmantane.

Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

18. s. e. pinse, 26. september 2010: Joh 8,31-36 Jer 6,16-20; Gal 5,1-6

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Deltaking av 50-årskonfirmantane.

Hosanger kl. 11: Familiegudsteneste. Sørheim.

Utdeling av bok til 4-åringane.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

OKTOBER

19. s. e. pinse, 3. oktober 2010: Mark 10,17-27 2 Mos 20,1-8.12-17; Fil 1,20-26

Haus kl. 11: Familiegudsteneste. Utdeling av bok til 4-åringane. Sundagsskulens dag. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Monsen. Kyrkjekaffi.

Hamre kl. 11: Familiegudsteneste. Dåp. Utdeling av bok til 4-åringane. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

20. s. e. pinse, 10. oktober 2010: *1 Mos 9,8-17

Hebr 11,1-4.7-10; Joh 9,1-7.35b-38

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim. Deltaking av 50-årskonfirmantane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

21. s. e. pinse, 17. oktober 2010: Mark 10,13-16 1 Mos 2,18-24; Ef 5,25-32

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Deltaking av 50-årskonfirmantane.

Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

22. s. e. pinse, 24. oktober 2010: Matt 11,25-30 Sal 100; Rom 8,31-39

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.

Deltaking av 50-årskonfirmantane.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til KIA.

Bots- og bededag, 31. oktober 2010: Luk 13,23-30 Jes 55,6-7; Gal 6,7-10

Gjerstad kl. 11: Bededagsgudsteneste. Monsen.

NOVEMBER

Helgemesseaftan, 6. november 2010:

Hosanger kl. 16: Minnegudsteneste. Sørheim.

Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

Gjerstad kl. 17: Minnegudsteneste. Monsen.
Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

Hamre kl. 18: Minnegudsteneste. Sørheim.
Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

Helgemessesundag, 7. november 2010: Matt 5,13-16 Jes 60,18-22 Hebr 12,1-3

Haus kl.11: Høgmesse. Nattverd. Monsen. Sørheim. (60+). Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Sjelesorgsenteret Haraldsplass.

25. s.e. pinse, 14. november 2010: Joh 6,37-40 Dan 12,1-3 1 Kor 15,42-49

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Monsen. Eldredag.

Bruvik kl. 18: Kveldsgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til Senter for mishandlete kvinner.

Siste s. i kyrkjeåret, 21. november 2010: *Hebr 3,12-14 Jes 51,11-15; Matt 25,1-13

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

1. s. i advent; 28. november 2010:

Hosanger kl. 11: Familiemesse. Sørheim.
Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til
Osterøy sundagsskulelag.

Haus kl. 19: Lysmesse. Monsen. Takkoffer til NMS Lovsongsheimen. Kyrkjekaffi.

DESEMBER

2. sundag i advent, 5. desember 2010:

Hamre kl. 17: Lysmesse. Sørheim.

Gjerstad kl.18: Lysmesse. Monsen.

Hosanger kl.20: Lysmesse. Sørheim.

3. sundag i advent, 12. desember 2010:

Gjerstad kl.11: Høgmesse. Sørheim. Takkoffer til
Ung kirkesang.

Bruvik kl.17: Lysmesse og julekonsert. Monsen.
Takkoffer til musikantane.

4. sundag i advent, 19. desember 2010:

Hosanger kl.11: Høgmesse. Sørheim. Takkoffer
til kyrkjelydsarbeidet.

Julaften, 24. desember 2010: Luk 2,1-14 Mi 5,1-4a

Bruvik kl.12.30: Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens SOS.

Hosanger kl.14: Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Gjerstad kl.14.30: Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Haus kl.16: Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Hamre kl.16: Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

FIRE-ÅRSBOK!

Alle som skal få fire-årsbok i Hosanger kyrkje og i Hamre er hjartelig velkommen til samling i kyrkje før gudstenesta der boka blir delt ut. Her vil det bli leik og utforskning av kyrkja, bollar og saft. Dei som tør får kome opp og sjå på kyrkjeklokken i tårnet.

**Hosanger kyrkje
laurdag 25. september klokka 15-16.30.**

Hamre kyrkje laurdag 2. oktober klokka 15-16.30.

**HAR DU LAGT NOKO ATT ETTER DEG
I KYRKJA?**

Slikt ein finn attgløymt i kyrkjene vert no samla på kyrkjekontoret i Lonevåg og kan etterspørjast der.



Slekters gang

HOSANGER

Gravlagde:

Juni. Olav Bernes (f.1931) urne, busett Bergen

15.07.10 Odd Kleppe (f.1922)

15.07.10 Klara Bruvik (f.1932)urne

06.08.10 Anita Systad (f.1969)

06.08.10 Harald T. Kleppe (f.1924)

19.08.10 Laila Marie Bernes (f.1950)

20.08.10 Odd Tveiten (f.1918)

27.08.10 Alfred Mjøs (f.1926)

09.09.10 Klara Håheim (f.1912) Bisett

HAMRE

Døypete:

27.06.10 Aylén Solberg Gundersen

27.06.10 Sander Bergstø Rønhovde

27.06.10 Thomas Fjellskålnes (Busett Hosanger sokn)

01.08.10 Trym Leander Helland Aadland (Busett Sogndal)

29.08.10 Leah Tveiten Enger (Busett Arna)

29.08.10 Mons Anders Hauge (Busett Gjerstad sokn)

29.08.10 Sara Indahl Daltveit

Vigde:

27.06.10 Lillian Birkaas Solberg og Ørjan Gundersen Hjelmeland

06.07.10 Karin Tangager og William Benton (Busett Danmark)

28.08.10 Connie Adore Sletner og Eric Albert Rundhovde

Gravlagde:

22.07.10 Geir Are Tvedt (f.1952)

10.08.10 Sven Otto Rønhovde (f.1944)

03.09.10 Lars Fotland (f.1922)

GJERSTAD

Døypete:

13.06.10 Kåre Magnus Skjerping

Vigde:

17.07.10 Ina Dorthea Dyrkolbotn Olsen og
Ove Wågsberg

Gravlagde:

01.07.10 Johannes S. Solberg (f.1945)

08.07.10 Arne Kristensen (f.1934)

30.07.10 Lisbet Antun (f.1913)

07.09.10 Johannes M. Vevle (f.1925)

HAUS

Døypete:

20.06.10 Svein Daltveit

20.06.10 Mathias Gravelsæter Søreng (Busett Bergen)

20.06.10 Camilla Lundgren Skår (Busett Hosanger)

Vigde:

26.06.10 Ann Kristin Mjelde og Glenn Birkeland

03.07.10 Siv Vatle og Rolf Perdersen

Gravlagde:

RETTING: 06.05. Berly Marie Monsen (f.1937) Bisett i Solheim

24.06.10 Lilly Karoline Bøe (f.1923)

09.07.10 Johannes Hekland (f.1928)
Urne sett ned 02.08.

13.07.10 Bjørn Lone (f.1943)

BRUVIK

Døypete:

29.08.10 Oliver Bruvik

Gravlagde:

20.05.10 Oddbjørg Elin Hekland Mjelde (f.1961)

01.06.10 Klara Bruvik (f.1932)

25.06.10 Ingeborg Katinka Hesjedal (f.1920)

05.08.10 Idar Michal Hekland (f.1948) Busett Sandnes

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg

SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

FjordSlottet



HOTELL & BAD
www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsvåg | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjhev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

KVAR VART DET AV THOMAS?

Biletet på framsida viser lærresveinen Thomas som må kjenna etter i sårmerket for verkeleg å kunna tru at Jesus var kome attende til livet. Heile fokuset i biletet er retta mot fingeren i såret, ein avgjerande augneblink både for Thomas og for kristendomen.

I Bibelen kan vi lesa kva som skjedde med Jesus etterpå. Men korleis gjekk det med Thomas? Jo, det er ei fargerik historie!

Tekst: Kristoffer Foldøy, Foto: Roberta Zagaria

I følgje tradisjonen drog han austover til Persia og India, der han spreidde bodskapen om Jesus. Men i året 72 blei han drepen, og fekk kvilestad i St. Thomaskatedralen som blei bygd utanfor Madras i India.

Det finns også eit Thomasevangelium etter han, ei samling av Jesus-sitat han må ha notert ned over lang tid. Dette skrifet fekk ikkje plass i Bibelen, antageleg sidan det står mykje om kvardagslege ting og lite om den guddommelege Jesus der.

I India fekk ikkje Thomas kvila så lenge.

Levningane grov dei opp og delte dei så i ulike stykke. Fleire delar av kroppen hans enda i relikviskrin i Europa. Den sentrale fingeren finn vi i dag i Roma, i kyrkja som ber det staselege namnet Santa Croce in Gerusalemme, på norsk Den heilage krossen i Jerusalem.

I eit kapell der står ei heil samling av relikviar, som vi kan sjå på biletet her.

Vi finn to tornar frå Jesus si tornekrona, ein nagle frå krossfestinga, og ein del av innskrift-seddelen som stod på krossen. Her er også trefliser frå sjølve krossen, og delar av krossen den eine røvaren hang på. Sjølvsagt han som fekk vera med til paradiset.

Og så har dei Thomas sin peikefinger.



Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300

SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

GOD HAUST!

Medan vi enno prøver å halda liv i vona om ein forseinka sommar, kjem haustmørket sigande.

Vi får akseptera at slik blei det i år.

Men eg ser at plommene held på med å modnast i hagen, så avling blir det i år også. Neste år på denne tid skal det veljast medlemmer til nytt sokneråd.

Det går jo an å tenkja ut nokre gode kandidatar i ledige stunder.

Eit år går som vi veit ganske fort!

Frist for innsending til neste nummer er **15. november**.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com